

# VI TAR KAMPEN FOR NOREGS 1000-ÅRIGE KRISTNE ARV!

**Partiet Dei Kristne er partiet som vil bygge vidare på fast grunn: Vi kombinerer respekt for fridomen til enkeltmennesket med tradisjonelle kristne verdiar som ansvar og omsorg for sin neste, og finn oppskrifta på eit samfunn som er fritt og trygt for alle - uansett kven du er eller kvar du kjem frå.**

**Partiet Dei Kristne er for alle som vil:**

- ha kristendomsfaget tilbake i grunnskulen.
- verne om livet frå unnfangelse til naturleg død.
- at alle barn bør ha rett til både ei mor og ein far, og til å kjenne sitt eige opphav.
- at barna skal få høve til å vere meir saman med foreldra sine.
- ha norsk matvareberedskap tilbake til eit nødvendig nivå.
- reforhandle Schengen- og EØS-avtalen og styrke norsk grensekontroll.
- styrke politi, sikkerheit og beredskap.
- oppruste det norske forsvaret slik at vi kan vere trygge i ei usikker verd.
- oppmuntre til initiativ, entreprenørskap og innovasjon.

**For å kunne gjere endringar i desse sakene, må vi begynne lokalt! Du og eg må bli høyrte, og då må vi få inn folk i kommunestyret som tør å løfte stemma si, og som vil stå distansen ut med å ta opp kampen for verdiane våre!**

**Vi har folk på lista vår som tør å seie ifrå, og som vil bli høyrte lokalt i Herøy kommune. Hjelp oss med å få dei inn ved å stemme på Partiet Dei Kristne i komande lokalval!**

**Hugs at du også kan bruke lista vår ved fylkestingsvalet! Partiet Dei Kristne trengst også der!**

# DI SJEKKLISTE

Sjå kvifor du som bur i Herøy bør stemme Partiet Dei Kristne:

- 1. Ja til at Noreg framleis skal vere ein kristen nasjon.
- 2. Nei til nedlegging av barneskular.
- 3. Nerlandsøy-, Remøy- og Dragsundbrua må prioriterast.
- 4. Ja til auka satsing på vegbygging utan bruk av bompengar.
- 5. Ja til likebehandling mellom private og offentlege skular.
- 6. Ha eit tydeleg fokus på eldreomsorga, og legge til rette for bufellesskap også ute i bygdene.
- 7. Ja til søndagsstengte butikkar.
- 8. Utvide høvet til å vere heime med barna når dei er små. Ja til kommunal kontantstøtte.
- 9. Mot eignedomsskatt.
- 10. Ta vare på dyrka og dyrkbar mark med tanke på eigen matproduksjon i vårt nærrområde.
- 11. Ja til at kommunen også nyttar seg av private ideelle tilbod i rusomsorga, der resultatata ofte er best.
- 12. Ja til å forenkle byråkrati og skjemavelde slik at det blir lettare å starte og drive private bedrifter.
- 13. Eit tydeleg Nei til EU.

 De Kristne

 Partiet De Kristne, Møre og Romsdal



## PARTIET DE KRISTNE

### Herøy kommune

Val 2015

[www.dekristne.no](http://www.dekristne.no)

# KANDIDATAR TIL KOMMUNEVALET 2015:



## 1. Oddmund Kvalsvik

Bølandet - f. 1953 - Bonde med brei erfaring frå bl.a lakseoppdrett, bank og offentleg forvaltning.

«Ang. kommunesamanslåing, så har eg ikkje tru på dei store einingane. Då kan Herøy fort bli ein utkant i eiga kommune. Når det gjeld rusomsorg bør kommunen også bruke dei private kristne institusjonane. Dei har beste resultat. Matvareberedskap og jordvern er også viktige saker for meg.»



## 2. Oddny Kopperstad

Nerlandsøy, - f. 1949

«Eg melde meg inn i PDK på grunn av naud for landet vårt etter grunnlovsendingene. Eg er mest opptatt av saker som angår menneskeverdet, frå livets begynnelse til naturleg død, og at dei eldre og andre som treng omsorg får den hjelpa dei treng. Eg brenn også for familien, og eg tenkjer at kommunal kontantstøtte kan vere eit bra tiltak for å sikre valfridom til barnefamiliane.»



## 3. Arild Moltumyr

Moltustranda, - f. 1955

«Eg synest at eldreomsorga er svært viktig. Dei eldre må få den omsorga dei treng, når dei treng det. Vi må sørge for nok sjukeheimsplassar og omsorgsbustader og nok betjening. Når det gjeld rusomsorg, må kommunen også bruke dei private og ideelle tilboda, for dei har dei beste resultatata.»



## 4. Brit Hilde Slettebakk

Moltustranda, - f. 1962

«Eg er opptatt av at vi skal behalde og vedlikehalde dei skulane vi har i Herøy og at alle som bor i Herøy skal få dei tilboda dei treng, både unge og eldre, enten dei bur i bygd eller by. Og så er det viktig at vi no vaknar opp og tek vare på den kristne arven vi har.»



## 5. Inge Voldnes

Fosnavåg, - f. 1948

«Eg er konservativ og held fast på kjerneverdiane. Eg meiner at søndagsopne butikkar er unødvendig, og eg brenn for å få kutta ned alt unødvendig offentleg papirarbeid. Som rullestolbrukar imøteser eg samanhengande fortau frå Skarabakken til Fosnavåg sentrum.»



## 6. Sigrid Moltumyr

Moltustranda, - f. 1951

«Eg brenn for at vi også ta vare på utkantane i kommunen, og då er det viktig at grendaskulane vert bevarte. Det er viktig at kommunen legg godt til rette også for småbedriftene, og så er eg oppteken av eldreomsorga og det å ta vare på dyrka mark.»

## 7. Målfrid Seljeflot

Runde, - f. 1943

## 8. Ingrid K. Warholm

Fosnavåg, - f. 1956

## 9. Berit Elveseter

Fosnavåg, - f. 1950

## 10. Jan-Rune Dahl

Tjørvåg, - f. 1959

**VI ER EIT TYDELEG IKKJE-SOSIALISTISK PARTI SOM VIL ARBEIDE FOR EIT FORPLIKTANDE SAMARBEID PÅ BORGARLEG SIDE I NORSK POLITIKK.**

**VI MEINER AT DEI KRISTNE VERDIANE ER VIKTIG FOR IKKJE Å FÅ EIT KALDT SAMFUNN - Å HJELPE KVARANDRE GIR OSS SAMHALD OG GLEDE.**



## Eldreomsorga

- Det er dei eldre sjølve og dei pårørande som veit best kvar skoen trykkjer.
- Vi ønskjer å arbeide for eit brukarutval som eit tillegg til den daglege drifta – eit utval som er til beste både for brukar, pårørande og tilsett.
- Vi trur at omsorg er den beste medisin.
- Tryggleik er viktig, og vi vil kjempe for rettferd for alle.

## Rus og psykiatri

- Det er viktig at samfunnet stiller opp for dei som treng det mest.
- Vi vil sjå til at kommunen følgjer opp helsereforma som tydeleg seier at det skal vere fritt behandlingsval/stad også når det gjeld rus og psykiatri.
- Private og offentlege tilbod skal likestillast, og i rusbehandlinga er det viktig at kommunen også brukar dei private kristne og ideelle tilboda. Det er desse som kan vise til de beste resultatata.
- Alkoholmisbruk er eit stort sosialt problem i samfunnet, og vi vil jobbe med førebygging og haldningsending for å få ned forbruket.